

RETNINGSLINER FOR KLIENTRETТА PRAKSISSTUDIUM ved utdanningane Bachelor i sosialt arbeid sosionom og Bachelor i sosialt arbeid barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda

Godkjende av dekan ASH 28. februar 2020 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 1. januar 2015.

§ 1. VERKEOMRÅDE

Retningslinene gjeld for klientretta praksisstudium slik desse er definerte i studieplanane for Bachelor i sosialt arbeid sosionomutdanning, og Bachelor i sosialt arbeid barnevernspedagogutdanning ved Høgskulen i Volda.

§ 2. KLIENTRETТА PRAKSISSTUDIUM

- 2.1 Deltaking på praksisførebuande seminar.
- 2.2 Klientretta praksisstudium på ein godkjend eller tilvist praksisstad.
- 2.3 Arbeidskrav gitt av høgskulen.
- 2.4 Deltaking ved praksisrefleksjonar etter praksisgjennomføringa.
- 2.5 Eksamen (gjeld berre klientretta praksisstudium i det tredje studieåret)

§ 3. KRAV TIL FRAMMØTE VED KLIENTRETТА PRAKSISSTUDIUM

- 3.1 Ved fråvær frå obligatorisk undervisningsaktivitet før og etter klientretta praksisstudium, jf. § 2 nr. 2.1. og 2.4., gjeld Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda av 1. januar 2015 § 4-6, nr. 2 og nr 7.
- 3.2 Under praksisopphaldet skal studenten følgje arbeidstida på praksisstaden.
- 3.3 I den første praksisperioden kan studenten ha inntil to (2) dagar fråvær. I den andre praksisperioden kan studenten ha inntil ti (10) dagar fråvær. Eit eventuelt fråvær ut over grensa skal meldast til kontaktlærer, og takast att.
- 3.4 Ved avbrot i praksisperioden fastset Institutt for sosialfag i kvart einskild tilfelle om praksisstudia kan fullførast, og i tilfelle når og kvar.

§ 4. GODKJENNING AV KLIENTRETТА PRAKSISSTUDIUM

- 4.1 Alle elementa i klientretta praksisstudium, jf. § 2, må vere godkjende for at emnet med praksisstudium som heilskap skal bli godkjent. Praksisstudiet må vere godkjent for at studenten skal kunne starte på neste emne i studiet.
- 4.2 Kontaktlærer og rettleiar på praksisstaden blir oppnemnde av dekanen, og skal vurdere godkjenning av praksis. Dekanen gjer endeleg vedtak, jf. § 5 punkt 5.7.
- 4.3 Dersom avbrot i praksis skuldast svangerskap, eigen eller barns sjukdom, eller andre grunnar som vert godkjende av høgskulen, må minst halvparten av praksisperioden vere fullført og godkjent før studenten kan halde fram i studiet. Det som står att av praksis, skal takast att snarast råd.

§ 5. TVIL OM GODKJENNING/IKKJE GODKJENNING AV KLIENTRETТА PRAKSISSTUDIUM

- 5.1. Praksisrettleiar og/eller kontaktlærer kan reise tvil om, eller kome med framlegg til, ikkje godkjenning av praksis.
- 5.2. Studenten har krav på vurdering undervegs i klientretta praksisstudium. Når det er tvil om praksis kan godkjennast, eller det kjem framlegg om ikkje godkjenning, skal det arrangerast eit møte mellom student, praksisrettleiar, kontaktlærer og eventuelt andre som kan

- ha viktig kunnskap om situasjonen. Føremålet med møtet skal vere å klare opp eventuelle mistydingar og å kartlegge alle viktige fakta og synspunkt i saka.
- 5.3. Praksisrettleiær/praksisplassen skal ta initiativ til eit slikt møte så fort som råd er, og seinast tre (3) veker før sluttdato for klientretta praksisstudium. Dersom spesielle tilhøve tilseier det, kan ein fråvike trevekers regelen.
 - 5.4. Høgskulen har ansvar for innkalling til og gjennomføring av møtet. Innkallinga skal vere skriftleg og vere studenten i hende seinast fem dagar før møtet. Innkallinga skal gjere greie for kva saka gjeld, og skal elles innehalde det som reknast som påkravd for at studenten på forsvarleg måte kan ivareta si interesse. Det skal førast protokoll frå møtet, representant frå høgskulen har ansvar for å skrive protokollen.
 - 5.5. Eventuelle kommentarar til protokollen skal vere skriftlege, og skal sendast til instituttleiær seinast ei (1) veke etter at protokollen er ferdig.
 - 5.6. Instituttleiær fremjar saka for dekan, som gir studenten høve til å kome med sine synspunkt direkte i eit saksførebuande møte med instituttleiær og praksisansvarleg.
 - 5.7. På grunnlag av dei opplysningane som ligg føre gjer dekanen vedtak om praksis skal godkjennast eller ikkje.
 - 5.8. Vedtak om ikkje godkjenning av praksis skal grunngjevast skriftleg.
 - 5.9. Vedtaket og grunngjevinga skal sendast studenten.
 - 5.10. Dersom det i løpet av praksisstudiet vert tvil om studenten er skikka, er det saker som skal handterast etter dei føreskriftene / reglane som gjeld skikkaheit i høgare utdanning (jf. §2). Her under følgjer eigne rutinar for handtering av slike saker.

§ 6. KONTINUASJON VED KLIENTRETTA PRAKSISSTUDIUM

- 6.1. Dersom klientretta praksisstudium ikkje vert godkjent, har studenten rett til å kontinuere ein (1) gong.
- 6.2. Ved kontinuasjon følgjer høgskulen dei vanlege prosedyrane for praksisplassering. Til vanleg vil dette seie at ein følgjer høgskulen sine tider for praksisutplassering, om ikkje anna vert avtalt særskilt.

§ 7. KLAGE

- 7.1. Vedtak om vilkår som må oppfyllest før praksis kan godkjennast, og vedtak om ikkje godkjenning av praksis, kan ikkje klagast på.
- 7.2. Reglane i nr § 7.1 avgrensar ikkje retten til å klage på grunn av formelle feil. Slik klage skal rettast til høgskulen si klagenemnd.

§ 8. HEIMEL FOR UNNTAK FRÅ RETNINGSLINENE OG UTFYLLANDE REGLAR

- 8.1. Dekan ved Avdeling for samfunnsfag og historie kan gjere unntak frå retningslinene etter innstilling frå instituttleiær.
- 8.2. Dekan ved Avdeling for samfunnsfag og historie kan gi utfyllande reglar til desse retningslinene etter innstilling frå instituttleiær.

§ 9. IVERKSETJING

Desse retningslinene gjeld frå 1. mars 2020